

## Referat fra styremøte i Os roklubb.

Sted: Roklubben

Dato/tid: 23.03.2017, kl 19.30 – 22.00.

Til stede: Rolf Hustad, Thorbjørn Sperrevik Hansen, Eirik Vevatne, Mattias Haugland, Tore Grindevoll, Monica Moberg og Sissel Beate Kallekleiv

Ikkje tilstede: Sissel Lothe Høvik

### Saker:

1. Referat frå 28.02.2017 er godkjent.
3. Golvbord på terrasse må skiftast ut og det bør leggstak under slik at det er tørt å stå under. Det er ønske om eit utelys under terrassen. Mattias sjekkar pris på takplater og terrassebord.
4. VKS Norge har laga ein tiltaksplan og dei har laga til ein generell søknad som roklubben kan bruke når vi søker om midlar og støtte. Rolf orienterer om kva vi har søkt på. Roklubben fekk 57500,- i KUP-midler, 15000 til klubbdrakter frå OMO-klubbkasse. Frimurerne og Shaathun Bil ventar vi svar på. Avslag frå Gjensidige. SPV og SR bank har frist 1 april.
5. Rosjef og trenerkontakt har ansvar for å følgje opp media.
6. Mosen på taket må fjernast. 24 meter kobberbånd er kjøpt inn og Mattias skal få dette montert på taket.
7. Pionerbåten vert lagt ut for salg på Finn i april.
8. Styret vil laga en kjøreplan for arrangement av rostemner slik at nye styremedlemmer kan følge dette. Monica har laga eit utkast ut frå erfaringar frå tidlegare stemner og sender dette ut på høyring for kommentarar og tilføringar til styrets medlemmer.
9. Startnummer manglar, Tore spør Rune om dei kan telle over beholdning og sjekkar med både Os Asvo og Stavanger roklubb om dei kan lage/skaffe nye.
10. Sissel L H lager til søknad om spillemidler (tilskudd til lag og organisasjonar) for 2017.
11. Status for skaden på Hedevig, Rolf har fått advokathjelp til å sende klage på avslag frå forsikringsselskapet til Finansklagenemda. Siste instans for denne klagen er å be om realitetsbehandling i klagenemda. Den er foreløpig bare behandlet av sekretariatet. Båten kjem til Årungen i juni og blir tatt med til Os etter regatta 24-25 juni.
12. Styret vil ha regler for hygiene for sambruk av stove til trening/utleige. Forslag er å montere spritautomat i treningsrom slik at utøvere kan tørke av treningsutstyr før og etter bruk. Treningsmatter må vaskast ofte. Styret spør Tore om han kan sjekke pris/bestille spritautomat med påfyll der han bestiller tørkepapir.
13. Styret må og lage til ordensreglar ved bruk til trening og ved utleige. Vi må og vurdere å ta betalt for vasking i utleigeprisen.
14. Foreldre kan hjelpe til med å støvsuge, rydde boss o.l. i treningslokala og Sissel L H lager til ei dugnadsliste til foreldre.
15. Punkter til orientering foreldremøte
  - Orienterer om egenandeler i fm regattaer, treningssamlinger etc.
  - Informasjon om aktivitet i fm Vinddalsvatnet
16. Kommende klubbaktiviteter;
  - Prøve å få til å arrangere mesterskap, Os-mesterensmester, søndag den 2. april. Monica ordner med ein enkel kiosk med vafler, kaker, kaffe og saft.

- Det blir studentmesterskap på Nordåsvatnet den 6 mai og Fana roklubb skal arrangere regatta 7 mai. Os roklubb følger opp med å prøve å få i gang KM 1 mai.

17. Os Triatlon er planlagt 3 september og Bergen Open Water vil leige klubbhuset 2 september til sitt stevne.

18. Os roklubb deltar på Kjørbo regatta 25-26 august i stedet for Tunevannsregattaen slik at vi kan delta med kiosk på Triathlon og Bergen open water.

19. Styret må få oversikt ver kven som skal vere med av foresatte og kor klubben skal bestille rimeleg overnatting. På Kjørbo sjekker vi ut Scandic Fornebu og på Årungen, Vestby hyttepark.

20. Sissel sjekker om vi må være registrert i register for gåver til klubben.

21. Robaner må leggest ut rett over påske, Mattias kaller inn til dugnad. Det trengs 8 personer til jobben.

Status rosjeif;

- Gjennomføre foreldresamtaler i lag med utøver
- 3 treningsdager i veka for junior c og b
- Båtførerkurs for foreldre
- Livredningskurs for alle båtførere
- Lage liste over kven som skal vere med på regatta

22. Styret vil kjøpe inn ein singelsculler vektklasse 70-80, romaskin for Kup-midlane. Mattias sjekker ut om vi kan få kjøpt brukte romaskinen gjennom SIB. Styret går inn for å kjøpe overtrekksjakker til alle aktive medlemmer for støtten frå OMO-klubbkasse.

23. Styret må vurdere om Os roklubb skal vere med i 17 mai toget på Os.

24. Det blir vaskedugnad onsdag 19 april frå kl 17.00. Monica sender ut informasjon til alle medlemmer.

Neste Styremøte 20.04.17 kl 1930

---

Rolf Hustad  
Leder

---

Monica Moberg  
Ref.